

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020

Torbjørn Vareide (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet da har er i slekt med dagleg leiar for næringsshagen i Hardanger. Vareide trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vedtok samrøystes at Vareide var inhabil jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

Sigrd Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av A, Sp, MDG, SV, V og KrF fram slikt forslag:

”Tillegg:

Søknaden frå Sunnhordaland region til Geo Park i Sunnhordaland vart imøtekommen med kr 100 000. Administrasjonen vert bedt om å finne ei dekning for løyvinga innanfor rammene.”

Avrøysting

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samsrøytes vedteke.

Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1.Hovedutval for Næring vedtek medfinansiering av 22 utviklingsprosjekt med løyving kr 13.601.000 som vist i vedlegg 1. med følgjande endring:

Søknaden frå Sunnhordaland region til Geo Park i Sunnhordaland vart imøtekommen med kr 100 000. Administrasjonen vert bedt om å finne ei dekning for løyvinga innanfor rammene.